



Notat

Dato: 26.02.2015
Arkivsak: 2014/1017-8
Saksbehandlar: knudjuv

Til:	Samferdselsutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Øversendingsforslag i samferdselsutvalet i valperioden 2011-15 - Melding til samferdselsutvalet - A jour 04.03.2015

Møte	Øversendingsforslag i valperioden 2011-2015	Forventa svar til SAMU	Svar til samferdselsutvalet
04.06.14	Tom Skauge (FI Sv R) – I samband med melding nr. 64, Handlingsprogrammet 2014-2017 (23) frå Statens vegvesen beklagar Sv at det ikkje er prioritert midlar til kollektivfelt Straume-Knarrevik eller til haldeplassar på Rv 555, og at kollektivfelt Olsvik-Storavatnet er lagt inn i 2015 mot 2014 i høyringsframlegget. SV ber om at dette vert tatt opp i sak til SAMU.	April	
20.08.14	Einar Lutro (H) – Spør om drift og eigarskap av veglys, og t.d. korleis eit grendalag kan gå fram for å få veglys på fylkesvegar	April	
22.10.14	Pål Kårbø (Krf) og Gustav Bahun (Frp) ba om vurdering av namn på busstoppet Nyhavnsveien/ Gamle Bergen.		RS --/15 til samferdselsutvalet 21.01.15
22.10.14	Øyvind Hardeland (Ap) – Viste til at Kvinnherad kommune hadde reparert den kommunale ferjekaia på Borgundøy. Ba om svar på om ikkje fylkeskommunen burde overta dei kommunale ferjekaiene på Borgundøy og Fjelberg, eller overta ansvaret for vedlikehaldet inntil Fjelbergsambandet er realisert	Juni	
12.11.14	Iiril Schau Johansen (H) – Viste til trafikktryggleik for born på Ringheimsvegen og om det kan etablerast fotgjengarfelt		RS --/15 til samferdselsutvalet 18.03.15
12.11.14	Eli Berland (H) – Ber om at det vert vurdert fartsdempande tiltak på Arefjordsvegen frå Arefjord til kryss med Brattholmen		RS --/15 til samferdselsutvalet 18.03.15

12.11.14	Arild Borgen (FI Sv R) – Viste til oppslag i pressa om kritikkverdige tilhøve for dei tilsette i driftsselskapet for Bybanen og spurte om administrasjonen ville kome med sak om auka risiko for ulykker og usikker drift	April	
21.01.15	Tom Skauge (FI Sv R) – Ba om eit samla oversyn over planar med prisanslag for veg og bane fremja av statlege, kommunale aktørar eller lobbyselskap med prisanslag	Mai	
21.01.15	Tom Skauge (FI Sv R)- I samband med ulykkesrapportane for trafikkulykker på veg som har vore unntekte offentlegheit vert det spurt om VG sine tabellar for trafikkdrepte i Hordaland er rett, og om SAMU vil få eit samla oversyn over funna i rapportane frå Statens vegvesen som no er tilgjengeleg. Det vart vidare i denne samanhengen spurt om fylkeskommunen sine rapportar og planarbeid bør leggje større vekt på ved veg i tillegg til vær, førarfeil og forhold knytt til køyretøy.	April	
21.01.15	Tom Skauge (FI Sv R) – I samband med trafikkveksten og rullebane 2 på Flesland lufthavn, Bergen vart det spurt om når fylkestinget får ei samla sak om transport og klima knytt til planane for flyplassen		RS --/15 til samferdselsutvalet 18.03.15
21.01.15	Jostein Ljones (Sp) – Tok opp situasjonen ved stopp på Bybanen der passasjerar hjelpte vogna i gang att. Er dette i tråd med gjeldande tryggleikskrav og HMS-reglement for drift av Bybanen, og om kva tiltak fylkeskommunen vil sette i verk for at dette ikkje skal skje igjen		RS --/15 til samferdselsutvalet 18.03.15
21.01.15	Jostein Ljones (Sp) – Etterlyste status for Bru bru i Kvam kommune	April	
21.01.15	Atle Kvåle (Ap) stilte spørsmål om farleg last på ferje og ulemper for andre reisande.		RS --/15 til samferdselsutvalet 18.03.15
21.01.15	Atle Kvåle (Ap) – Tok opp kollektivtilbodet i Sædalen og spurte om det er mogleg å legge opp bussrutene slik at ein er sikker på at korresponderande buss er på plass på Birke-lundstoppen dersom ein ikkje får direkteavgangar frå Sædalen		RS --/15 til samferdselsutvalet 18.03.15
21.01.15	SAMU bed om at det vert lagt fram ei sak om strakstiltak for betring av ferjetilbodet til og frå Austevoll og Varaldsøy.		RS --/15 til samferdselsutvalet 18.03.15
21.01.15	Einar Lutro (H) – Tok opp spørsmål om habilitet for medlemmer i fylkeskommunale utval og som har verv i interesseorganisasjonar.		RS --/15 til samferdselsutvalet 18.03.15